

Fra: Ove Kjell Huvestad [mailto:ove.kjell.huvestad@tokke.kommune.no]
Sendt: 9. september 2010 13:30
Til: Postmottak FAD
Emne: Uttale til høring - gravferdsloven og Kyrkjeloven.

Hei!

Tokke kyrkjelege fellesråd drøfa denne saka i møte den 8/9-10, og har følgjande kommentarar:

Sak 010/10 Høyring - endringar i gravferdslov og kyrkjelov

Vedtak i fellesrådet:

Fellesrådet har framlegg til endringar i følgjande paragrafar.

§ 23 Forvaltningsansvar.

Det utkastet til ny lovtekst som ligg føre med krav om årlege møte er ikkje fleksibelt nok til å fange opp dei store variasjonane i lokale tilhøve, det vil i mange mindre kommunar ikkje vere trong eller ynskje om slikt møte kvart år. I mindre kommunar vil det og truleg vere meir praktisk å gjennomføre slike kontaktmøte på prostinivå.

Framlegg til ny ordlyd:

Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen, gir minst en gang i året et tilbud til de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet om et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas. Møtet gjennomføres dersom minst ett av disse samfunn ønsker det. Møtene kan gjennomføres på prostinivå når det er mest praktisk.

§ 6 Rett til grav.

Det vil her vere naturleg å begrense tilbodet til nærmaste stad som har slikt tilbod, og dermed vil kostnadene og vere målbare. Vi ynskjer følgjande setning tilføya til andre ledd nytt tredje punkt:

Dekking av kostnadene begrenses til nærmeste sted som har slikt tilbud.

§ 5 Sermoni på gravlund.

Ein del av ordlyden i denne paragrafen bør strykast, det gjeld:

”forhåner eller på en krenkende eller sårende måte”

Ny ordlyd blir då:

Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet skal gis anledning til å gjennomføre en seremoni når en ny gravlund tas i bruk. En slik høytidelighet må ikke utformes eller gjennomføres slik at den viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlunden.

§§ 10, 12 og 13.

Vi trur at utviding av fristen vil føre til problematisering og diskusjonar om tidspunkt for gravferd, og ikkje minst kan det vere problem med å ha gode nok kjølerom, særleg i sommarhalvåret.

Vi ynskjer ikkje at denne fristen vert utvida til 14 dagar, vi vil behalde dagens ordning med frist på 8 dagar.

***Med helsing
Ove Kjell Huvestad
kyrkjeverje***

Tlf. 35 07 71 88 / 908 77 188